



AVTALE OM NEDSETTING AV FERIST

Mellom eigar av _____ gnr. _____ bnr. _____ og

_____ -lag er det inngått følgjande avtale:

1. Beitelaget får løyve til å setja ned ferist ved _____ på eigedomen _____ gnr. _____ bnr. _____ utan vederlag/ mot _____ kr i vederlag.
2. _____ skal vera ansvarleg for vedlikehaldet av ferista, sørgje for at ho til kvar tid er i forsvarleg stand og at nødvendig varselskilt er sett opp.
3. Beitelaget skal ved sida av ferista lage ein omkøyringsveg med grind.
4. Beitelaget skal leggja vinterplate over ferista dersom grunneigaren eller andre med bruksrett til vegen krev dette. Dette skal skje innan _____.
5. Denne avtalen kan seiast opp av både partar med 1 års varsel etter 10 år.
6. Dersom beitinga i laget sitt beiteområde blir lagt ned eller avtala blir sagt opp, skal laget fjerne ferista/ grunneigaren overta ferista utan vederlag.
7. Tvistar om denne avtalen skal avgjerast ved mekling. Denne avgjerda er bindande for partane.
8. Avtalen kan tinglysast og utgiftene med dette skal dekkjast av den som krev det.
9. Dato og signaturar: _____ den _____

(grunneigar)

(for laget)

Vitne:

KOMMENTARAR TIL AVTALE OM NEDSETTING AV FERIST

1. Det bør gå fram av avtalen kor ferista skal setjast ned (ved) og kva for ein eigedom dette gjeld (på).

2. Dersom dette er på ein privat veg, vil laget kunne bli stilt til ansvar for eventuelle skader som kan førast attende på ferista. Laget bør da ta opp ei forsikring som dekkjer slike tilfelle, noko som er relativt rimeleg.

Dersom grunneigaren har vanleg landbruksforsikring, kan slike skader dekkjast av denne. Sjekk dette med det aktuelle forsikringsselskap.

Det skal setjast opp skilt som gjer trafikantane merksame på ferista. Eventuell tekst under skiltet: **Ferist. Kjør forsiktig!**

Dersom ferista ligg i ein kommunal-, fylkes- eller riksveg, bør den som har vedlikehaldet av vegen òg stå som ansvarleg for ferista.

3. Det skal vera ein omkøyingsveg med grind ved sida av ferista, slik at ein kan kome fram med dyr o.a. Dette er svært viktig med tanke på erstatningskrav ved skader.

4. Vinterplate har vist seg å vera praktisk, særleg på vegar med større trafikk av tyngre bilar som tømmertransportar m.m. Det kan òg vera på sin plass å setje ein dato for når dette skal skje om hausten.

Særskilt om elektrisk ferist

Ei elektrisk ferist er trafikkmessig å sjå på som ei vanleg ferist, og reglane vil dermed stort sett vera like. Elektriske installasjonar skal merkast med eigne skilt. Under pkt. 4 vil det vera aktuelt å fastsette ein dato for når rista skal takast vekk om hausten.

5. For at det skal kunne ytast offentleg tilskott til ferista, må ho i utgangspunktet gjelde for minst 10 år. Ut over den perioden kan avtalen seiast opp med eit varsel på minst 1 år. Dersom avtalen blir brote på eitt eller fleire punkt før 10 år er gått, kan resultatet sjølvsagt bli at ho blir sagt opp.

6. Her må ein velja det alternativet som passer best i kvart tilfelle.

7. Dette er ein vanleg og grei måte å løyse tvistar på.

8. Tinglysing av ei avtale vil vera med på å gjera denne sterkare. Det vanlege er at den som gjennom avtalen får lov til å kome inn på ein annan sin eigedom, må dekke utgiftene med tinglysinga.